

Straumprisen heldt flat utvikling gjennom vinteren

Straumprisane auka 0,1 prosent frå fjerde kvartal i fjor til første kvartal i år. Foto: Paul Kleiven/NTB/NPK.



Straumprisane gjekk opp med 0,1 prosent frå fjerde kvartal i fjor til første kvartal i år, ifølgje SSB. Det er 4,4 prosent lågare enn same periode i fjor.

Når ein trekkjer frå straumstøtta, enda den gjennomsnittlege straumprisen for hushalda på 137,5

øre per kilowattime. Utan straumstøtte ville snittet lege på 148,6 øre kilowattimen.

Straumprisane i statistikken gjeld for hushalda, og omfattar avgifter og nettlei-ge. Straumstøtta i dei første

tre månadene i år var på i gjennomsnitt 11,1 øre per kilowattime. Satsane var høgast i første del av januar. Sidan starten av februar har det vore færre timar der straumprisane har lege så høgt at det har utløyst straumstøtte. (©NPK)



Bak f.v. Laila Karin Solheim, Jan Ove Lotsberg og Andrea Denk. Framme f.v. Therese Baggetun og Berit Devik Dwold.

Slår seg saman og endrar namn

Rekneskapsbedrifta Vekstra Fjord Rekneskap AS slår seg saman med rekneskapskontor i Hornindal og får nytt namn.

BENEDIKTE GROV
benedikte@firdatidend.no

– Det fører til at vi blir eit større fagmiljø, seier Jan Ove Lotsberg, som er dagleg leiar i Vekstra Fjord Rekneskap AS.

Større miljø

Tysdag 14. mai blir verksemda formelt slått saman med Hornindal Rekneskap AS.

Vekstra Fjord Rekneskap har avdelingar på Sandane, Nordfjordeid, Valldal og Ulsteinvik.

Lotsberg fortel at verksemda i Hornindal, som òg har vore del av Vekstra-kjeda, hadde ønske om å bli del av eit større miljø. Kontoret har åtte tilsette.

– Dei følte på at dei var sårbare i forhold til sjukmeldingar og permisjonar. Dei hadde lyst til å kome inn eit større miljø. Dei som jobbar i Hornindal er veldig flinke folk, og vi hadde lyst til å ha dei med, fortel han.

Får nytt namn

Parallelt med samanslåinga med Hornindal-kontoret, får også verksemda nytt namn. Tidlegare i år vart Vekstra-kjeda slått saman med Økoråd-kjeda.

Det nye namnet blir til kontora i Nordfjord og på Sunnmøre blir derfor Økoråd Fjord Rekneskap AS.

Alle dei tilsette skal halde fram med å jobbe på kontorstadene dei har i dag.

Utover ny nettside, skilt og e-postadresser som kjem på plass etter kvart, vil derfor ikkje kundane merke så mykje til endringane, fortel Lotsberg og Laila Karin Solheim, som er avdelingsleiar på Sandane-kontoret.

Fem tilsette på Sandane

Dette kontoret har eksistert sidan 2014, og tel per i dag fem tilsette.

Solheim fortel at avdelinga dekkjer heile breidda i næringslivet, og har både bedriftskundar og landbrukskundar. Dei fleste av kundane held til i Gloppen, men avdelinga har også nokre kundar på Nordfjordeid.

Tidlegare var Sandane-kontoret lokalisert i Sandane Senter, men i 2023 flytta dei til bankbygget.

– Vi trivst godt her i bankbygget, og synest det er ein fin plass å vere, seier Solheim.

– Vi får tilbakemeldingar om at det er godt å ha eit fysisk kontor å kome inn på for å gå gjennom tala. Det har ein verdi for kundane at vi er moglege å få tak i på den måten, fortel avdelingsleiaren.

Skal bli kjende

Sist veke hadde dei tilsette på dei ulike avdelingane i Nordfjord og på Sunnmøre ei samling med sine nye kollegaer frå Hornindal. Målet var å bli betre kjende og få ei oversikt over kva kompetanse som finst på dei ulike kontora.

Den nysamanslåtte verksemda ønskjer å samarbeide internt og bruke kompetansen dei har på tvers av kontora.

– Vi har ulike sterke sider, og kan utfylle kvarandre, seier Lotsberg.

Etter samanslåinga har Økoråd Fjord Rekneskap 32 tilsette og kring 750 kundar på lista.

– Vi har ikkje umiddelbare planar om å vekse meir, men det å vekse litt verkar sjølvforsterkande. Ein del gründerar startar gjerne både to og tre selskap, og då har vi lyst til å ha dei som kundar òg, i staden for å sende dei til konkurrentane, seier Lotsberg.